

Norway Cup: Tap og uavgjort for smågutelaga

30.07.2007



G-14-kampen mot Ulsteinvik enda mållaust. Dette biletet var teke tidlegare i sesongen. (Foto: Thor Inge Døssland)

**Begge smågutelaga(G-14 og G-13) har no gjort unna opningskampane sine i Norway Cup. G-14-laget møtte Hødd frå Ullsteinvik som skulle vera eit kjent fotballnamn for dei fleste. Kampen enda mållaust, og i følgje våre rapportar var det sunnmørkingane som hadde størst grunn til å vera fornøgd med det resultatet**

0-0 mot dette laget verkar sterkt, og håpet om sluttspellass skulle ikkje vera mindre etter denne kampen.

Desse uskedelingane er med på dette laget: Benjamin Taranger, Dag Rune Myklebust, Torbjørn Steinsvik, Karsten Tungesvik og Thomas Halvorsen.

Laget spelar 7`ar-fotball, og dei skal mandag og tirsdag ut i kampar mot Gyland og Velung/Isfjord 2. Det vert spennande å høyra resultatet frå desse kampane.

G-13-laget spela i dag mot Strindheim COOP 2, og det enda med tap 2-4. Dette laget spelar 11`ar-fotball, og det er ingen frå Uskedalen med på laget. Dei neste dagane møter dei Korsvoll og Lørenskog 2. Dermed er dei komne i pulje med klubbar som er kjende for å ha sterke A-lag i 2.divisjon.

Vi ønskjer begge smågutelaga lukke til vidare i turneringa.

Av Thor Inge Døssland